

4.

I september/oktober gjekk museumshandverkaren laus på ein Deering W-14 frå siste halvta av 1930-talet. Traktoren, som Jærmuseet har fått på Tau i Strand, hadde stått ute i lang tid og var følgjeleg sterkt forkomen. Ved eit slumpetreff kom museet i kontakt med ein gardbrukar i Gausdal som kunne avsjå delar til denne traktortypen. Dermed var dei fleste problema løyste, og traktoren vil vera ferdig restaurert i slutten av februar 1986.

Landbruksreiskapar med firmanamnet Deering kjenner dei fleste - slåmaskinar, rakeriver, sjølvbindarar m.m. W. Deering grunnla verksemda si i 1873 og var i mange år ein hard konkurrent til McCormick-firmaet som har røter attende til den første slåmaskinen som Cyrus Hall McCormick demonstrerte i 1831 og patenterte i 1834. I 1902 gjekk McCormick og Deering saman under namnet International Harvester Co. (IH), Chicago, Illinois. Det nye firmaet heldt likevel fram med to separate salskjeder og marknadsførte difor i lang tid produkttrekkjer under dei gamle firmanamna McCormick og Deering.